



# Årsmelding 2018 – Fotballgruppa

## ***Styret i fotballgruppa:***

Leiar: Kjell Ove Homme

Sekretær: Stine Metveit

Kasserar: Oddbjørn Valentin Remen Svendsen

Materialforvaltar: Åsne Teksle

Styremedlem: Torleiv Hvistendahl t.o.m 09.10.18. (Etter at T.H trekte seg rykka vara opp).

Vara: Tor Skræi

## ***Hovedsponsorar i fotballgruppa er:***

- Sparebanken sør
- Fyresdal Sag og Bygg AS
- Telemark Lys

Desse sponsoravtalene gjeng ut i 2018.

## ***Fotballag:***

- 2 G8-lag der det også deltok 3 jenter. Dette laget blei slått saman til 1 lag på hausten.
- 1 G10-lag
- 1 G12-lag
- 2 J14-lag
- 1 G14-lag
- 1 J16

Det har vore ca 80-90 aktive spelarar påmeldt til fotballsesongen 2018. Nokon har slutta etter vårsesongen og nokre har begynt ved haustsesongen. Det har stort sett vore jevnt antall heile sesongen 2018.

***Norway Cup:*** J14-1, J14-2 og J16 deltok. Det vart arrangert fellestransport med buss t/r og overnatting på skule. Trenarar og nokre foreldre var med.

***Vinje Cup:*** G08 og G10 deltok på denne cupen.

***Høydalsmo Cup:*** G12 deltok på denn cupen.

**Seljord Cup:** J14 og G14 deltok på denne cupen, G14 vant denne cupen og tok med seg pokalen heim!!

**TINE Fotballskule:** Fotballskulen vart arrangert frå fredag 22. juni t.o.m måndag 25. juni. Det var ein flott fotballskule med godt ver og mykje glade ungar som vart gjennomført for 12.gong. Totalt var det med ca. 100 ungar.

Fotballskulekomitèen bestod i år av Tone Skræi, Nils Kristian Moe, Evy Aamlid, Monica Sølyst og Gunhild Wæthing.

**Basarkomitèen/Basar:** Hilde Homme, Inger Kristine Madsen, Tone Austjore Heistad og Knut Harald Heggli. Basaren blei arrangert 31.10.2018 og gav eit godt resultat. Spelerane gjer ein god jobb med loddsalg. Det vart trekt ut ein gut og ei jente blant spelerane som vant kvar sin fotball.

**Kiosk:** Den har også i vore open kvar gong det har blitt spelt kamp på Gimle.

**Dugnad:** Klubbhuset er ferdigstilt og blir jamleg bruka til m.a styremøter og avslutting for dei ulike fotballaga for sesongen. På våren vart det gjennomført dugnad på klubbhuset, fotballbanen og området rundt.

**Møter:** Det vart gjennomført informasjonsmøte med trenarar og oppmenn før sesongen starta. Styret har hatt 7 styremøter (inkl siste før årsmøte jan-19), med totalt ca 62 saker.

**Sosialt lag:** Det vart invitert inn til sosial kveld med jolemiddag på meieriet den 16.11.18, for personar som har hatt ulike verv og oppgåver i fotballgruppa denne sesongen. Dette vart dessverre avlyst då det var for få påmeldte, totalt 3 stk meldte seg på og styret hadde satt eit minimum på 10 stk i samråd med Meieriet.

**Organisasjonsmodell:** Det er vedtatt på ekstra ordinært årsmøte 29.10.18 i Fyresdal idrettslag at det skal bli ein ny organisasjonsmodell i idrettslaget. Styret i fotballgruppa fell no vekk etter årsmøte 2019. Etter det skal fotballgruppa kun ha sportsleg utval med 3 medlemmar. Leiaren for det sportslege utvalet skal sitte i styret i idrettslaget.

### **Prosjekt Vest-Telemark (PVT):**

PVT har bytt namn til Vest Telemark Fotball (VTF). Representantane i kvar klubb dannar nå styret i VTF. Det har blitt arrangert innandørsturneringar på hausten 2018 på forskjellige stader for dei ulike aldergruppene.

### **Økonomi**

Økonomien er god, sjå vedlagt regneskap for 2018 og budsjett for 2019.

Fyresdal, 28.01.2019

Kjell Ove Homme Leiar	Stine Metveit Sekretær	Oddbjørn V.R Svendsen Kasserar	Åsne Teksle Matrialforvaltar	Tor Skræi Styremedlem
-----------------------------	---------------------------	--------------------------------------	---------------------------------	--------------------------

